



MODALEN KOMMUNE

Telefon: 56 59 90 90

Pleie- og omsorgstenesta

5720 MODALEN

E-post: postmottak@.kommune.no

Ikkje offentleg

Jf.off.lova § 13, fvl § 13

www.modalen.kommune.no

SØKNADSSKJEMA OM PLEIE OG OMSORGSTENESTER

1. Søknad om

- | | |
|--|---|
| <input type="checkbox"/> Langtidsopphald i institusjon | <input type="checkbox"/> Individuell plan / Koordinator |
| <input type="checkbox"/> Korttidsopphald i institusjon | <input type="checkbox"/> Avlastning |
| <input type="checkbox"/> Dagtilbod-dagsenter | <input type="checkbox"/> Omsorgsløn |
| <input type="checkbox"/> Rehabiliteringopphald | <input type="checkbox"/> Støttekontakt |
| <input type="checkbox"/> Heimesjukepleie | <input type="checkbox"/> Middagslevering |
| <input type="checkbox"/> Heimehjelp/praktisk hjelp | <input type="checkbox"/> Tryggleiksalarm |
| <input type="checkbox"/> Omsorgsbustad | <input type="checkbox"/> Velferdsteknologi |
| <input type="checkbox"/> Psykisk helseteneste | <input type="checkbox"/> Snøbrøyting |
| <input type="checkbox"/> Personleg assistent | <input type="checkbox"/> Anna _____ |

Heimel: Lov om kommunale helse og omsorgstjenester (i kraft 01.01.2012) og Lov om pasient og brukerrettigheter (i kraft 01.01.2001).

2. Personopplysningar

SØKJAR:

Namn:		Personnr (11 siffer):	
Adresse:		Telefon/Mobil:	
Postnr:	Poststad:		
Sivilstand: Gift <input type="checkbox"/>	Skuld <input type="checkbox"/>	Einsleg <input type="checkbox"/>	Bustadkommune:
Ugift <input type="checkbox"/>	Enke/Enkemann <input type="checkbox"/>		
Fleire i husstanden	Nei <input type="checkbox"/>	Ja <input type="checkbox"/>	Kven:
Omsorg for born under 18 år	Nei <input type="checkbox"/>	Ja <input type="checkbox"/>	
Sist vurdert av lege (mnd/år)		Sist vurdert av tannlege (mnd/år)	

FASTLEGE:

Namn:		Telefon:	
Legekantor:	Postnr:	Poststad:	

NÆRASTE PÅRØRANDE:

Namn:		Tilknytning til søkjar:	Telefon:
			Mobil:
Adresse:	Postnr:	Poststad:	

HJELPEVERGE/VERGE:

Namn:		Telefon:
		Mobil:

7. Dokumentasjon som vedlegg til søknad

Det vert krevd legeerklæring ved søknader om pleie og omsorgstenester.

Anna dokumentasjon som også kan være relevant er:

Sjuehistorie, sjukepleievurdering, oppdatert medikament-liste, individuell plan m.m.

Dersom du er usikker på kva dokumentasjon du treng å leggja ved søknaden kan du kontakte pleie og omsorgstenesta eller helsetenesta i kommunen.

8. Samtykke og underskrift

- Eg gjev med dette Modalen kommune, ved pleie og omsorgstenesta fullmakt til å innhenta dei opplysningar som er relevante for handsaminga av søknaden. Dette kan gjelda helseopplysningar frå fastlege og sjukehus, samt opplysningar frå NAV om arbeid, trygd og sosiale tilhøve og inntektsopplysningar frå Skatteetaten.
- Eg er kjend med at eg som søker kan reservera meg mot innhenting av personlege opplysningar. Dette kan gjelda opplysningar frå fastlege, sjukehus, NAV og liknande.
- Ved endringar i tenestetilbodet gjev eg samtykke til at opplysningar (manuelle og elektroniske) kan overførast til den avdelinga som har ansvaret for oppfyljinga av mitt tilbod.
- Dette samtykket har eg gjeve av fri vilje, og det kan trekkjast attende dersom eg ynskjer det.

Eg gjev løyve til at informasjon kan innhentast frå:

Fastlege

NAV

Sjukehus

Andre

- Som mottakar av ei teneste har eg rett til å reservere meg mot at diagnoseopplysningar vert sendt inn til IPLOS-registeret. Tillatelse til at diagnoseopplysningar kan sendast inn kan gjevast nedanfor.

Eg gjev Modalen kommune lov å senda inn diagnosar til IPLOS-registeret:

Ja

Stad/dato:

Søklar underskrift

Søklar sitt navn og fødselsnummer:

Kopi av dette samtykket vert sendt til Fastlege:

LEGEOPPLYSNINGAR VED SØKNAD OM PLEIE- OG OMSORGSTENESTER

Pleie og omsorgsavdelinga har motteke søknad om teneste:

- | | |
|--|---|
| <input type="checkbox"/> Langtidsopphald i institusjon | <input type="checkbox"/> Individuell plan / Koordinator |
| <input type="checkbox"/> Korttidsopphald i institusjon | <input type="checkbox"/> Avlastning |
| <input type="checkbox"/> Dagtilbod-dagsenter | <input type="checkbox"/> Omsorgsløn |
| <input type="checkbox"/> Rehabiliteringopphald | <input type="checkbox"/> Støttekontakt |
| <input type="checkbox"/> Heimesjukepleie | <input type="checkbox"/> Trygde-/omsorgsbustad |
| <input type="checkbox"/> Heimehjelp/praktisk hjelp | <input type="checkbox"/> Middagslevering |
| <input type="checkbox"/> Omsorgsbustad | <input type="checkbox"/> Tryggleiksalarm |
| <input type="checkbox"/> Psykisk helseteneste | <input type="checkbox"/> Vask av tøy |
| <input type="checkbox"/> Personleg assistent | <input type="checkbox"/> Snøbrøyting |

Namn søkjar		Fødselsnr	
Adr		Telefon	
Postnr-stad			
Mental status:			
Somatisk status/fysisk funksjon			
Medikamenter:			
Prognose m.o.t lengd på tenestetilbodet:			
Diagnose: (gjelder den sjukdomen som er årsaka tiltenestebehovet. Tidspunkt for når sjukdommen oppstod registrerast når dette er kjent.)			
ICPC-kode:		Dato:	Navn:
ICPC-kode:		Dato:	Navn:
ICPC-kode:		Dato:	Navn:
ICPC-kode:		Dato:	Navn:
ICPC-kode:		Dato:	Navn:

Evt. andre opplysningar:

Sted/dato:

Underskrift fastlege:

Opplysningane sendast:

Modalen kommune – Pleie- og omsorgstenesta, 5729 MODALEN

Til deg som søker pleie- og omsorgstenester i Modalen kommune

SAKSHANDSAMINGA

Når me har motteke søknaden vil sakshandsamar i pleie og omsorgstenesta kartleggje dei tilhøva som ein finn naudsynt med omsyn til forsvarleg handsaming av søknaden (t.d.funksjonsnivå, butilhøve, familie- og sosiale tilhøve m.m).

I søknaden vert det gjeve samtykke til at opplysningar som nemt over kan innhentast. Som ein del av vurderinga kan det vera aktuelt med eit heimebesøk for å kartleggje behovet for tenester. Opplysningane du gjev i søknaden, og i vedlegga til søknaden, vert arkivert i di journalmappe. Berre dei som trengjer dette i sitt arbeid har tilgang på desse. Alle tilsette i kommunen har teieplikt.

Det kommunale pleie- og omsorgstilbodet har som føremål å gje befolkninga den hjelp dei treng samstundes som den enkelte skal få nytta egne ressursar til å hjelpa seg sjølv så langt som råd. Med bakgrunn i dette vil kommunen fortløpande vurdere om funksjonsnivået endrar seg i positiv eller negativ retning etter at tenestetilbodet er gjeve. Dette for å kunne gje søkjar rett hjelp til ei kvar tid.

Modalen kommune har eigenbetaling på dei fleste tenester i samsvar med forskrifter og vedtak i kommunestyret. Søknaden er eit samtykke til at opplysninga om søkjar og evt. husstandsmedlemmer si inntekt- og formue kan hentast inn når dette er naudsynt for å berekna eigenbetalinga.

INFORMASJON OM PERSONOPPLYSNINGAR

Kommunen si innsamling og bruk av personopplysningar om søkjar er heimla i lov. Formålet er å identifisere søkjar, gje søkjar best mogeleg tilbod etter lover og forskrifter, samtidig som søkjaren sine rettar til å verna om privatlivet vert ivareteke.

Dei opplysningane som kjem fram i søknaden vert registrert i pleie- og omsorgstenesta sitt datasystem. I tillegg vert medisinske diagnosar, funksjonsnivå, medikamentbruk og andre opplysningar som er nødvendig for å dekke søkjar sitt hjelpebehov registrert fortløpande.

Dersom ikkje teieplikta er til hinder for det, har du etter personopplysningslova krav på å få innsyn i dei opplysningane som kommunen har lagra om deg. Dersom du ynskjer innsyn kan du kontakta pleie og omsorgsleiar.

Modalen, november 2012

INFORMASJON OM IPLOS-REGISTERET

- FRÅ HELSEDIREKTORATET

Kva er IPLOS?

Nokre av opplysningane som kommunen ber deg om, blir registrerte etter ein eigen standard og sende til eit sentralt register, som blir kalla IPLOS. Her blir opplysningane oppbevarte. Registeret skal brukast i samband med statistikk og forskning.

Namnet ditt og adressa di er ikkje med i IPLOS-registeret. Fødselsnummeret ditt er erstatta med eit tilfeldig nummer, slik at ingen kan kjenne att deg eller opplysningane om deg.

Kvifor IPLOS?

I dag veit vi for lite om dei ressursane og bistandsbehova den enkelte brukaren har.

- God kunnskap om bistandsbehovet gir kommunen grunnlag for å planleggje og leggje til rette tenestene.
- Sentrale styresmakter får også betre kunnskap som grunnlag for å styre og utvikle tenestene.

Målet er å få til ei god ressursutnytting og likeverdige og verknadsfulle tenester.

Kva for opplysningar står i IPLOS-registeret?

- Kjønn, alder og kommune
- Husstand
- Behov for hjelp og assistanse i dagleglivet
- Behov for hjelp og assistanse til å ta del i samband med arbeid, utdanning og fritid
- Hjelp frå familie eller personar i nærmiljøet
- Vurdert av lege/tannhelsepersonell i løpet av det siste året
- Kva for tenester kommunen yter
- Om det er utarbeidd ein individuell plan
- Relevante diagnosar som det er nødvendig å kjenne til for å gi deg dei rette tenestene

Du kan reservere deg mot at opplysningar om diagnose blir sendt til IPLOS-registeret.

Kven skal gi opplysningane?

Du har lovfesta rett til å vere med på å vurdere kva du treng av hjelp og assistanse, og korleis tenestene skal utførast. Det er først og fremst du sjølv som skal gi opplysningane om din eigen situasjon.

Kommunen kan ikkje be deg om opplysningar som ikkje har noko å seie for situasjonen du er i.

Dersom det dreiar seg om opplysningar som du sjølv ikkje kan gi, kan det vere nødvendig å ta kontakt med nokon av dine nærmaste. Det kan òg vere nødvendig å spørje andre tilsette i kommunen (til dømes fastlegen) eller eit sjukehus, om opplysningar.

Dersom andre enn du sjølv skal gi opplysningar, må du gi samtykke til det.

Innsyn

Du har lovfesta rett til å få vite kva for opplysningar som er registrerte om deg. Dersom det er feil i opplysningane, har du rett til å krevje at dei blir retta. Dersom du treng meir informasjon, kan du ta kontakt med den kontaktpersonen du har fått oppgitt av kommunen.

For at kommunen din skal kunne yte best mulig helse- og sosialtenester, er det behov for at du gir nokre opplysningar om deg sjølv og det behovet du har for hjelp. Opplysningane er konfidensielle og er ein del av journalen din. Berre dei som treng det i arbeidet sitt, skal ha tilgang til opplysningane om deg, og dei har teieplikt.